

BOKN BYGDÅBLÅD

NR. 9 - NOVEMBER 1997 - ÅRG. 12



| | |
|---|-------|
| Stor gjevarglede i Bokn | s. 2 |
| Resultatet frå soknerådsvalet | s. 4 |
| Petra Fritidsklubb er 20 år! | s. 9 |
| <i>Stubbar og originale svar</i> | s. 12 |
| Glimt frå Bokn!: Stort myntfund i 1923 | s. 14 |

STOR GJEVARGLEDE I BOKN!


Tekst og foto: Jardar Havikbotn

Det var venta at TV-aksjonen 1997 ville setja innsamlingsrekord, og forventningane lokalt var også store. I år prøvde me i tillegg noko nytt, bygdakveld på fredagen der alle inntektene gjekk til TV-aksjonen, og la det vera sagt med ein gong: alle forventningane blei innfridde og boknarane har vore fantastiske og gitt meir enn dei vanlegvis gjer til ein TV-aksjon!


Bygdakulturen og fellesskapet om å samla inn pengar til ei god sak fekk med oppleva på fredag 7. november. Lokale musikarar saman med nokre

korleis dei virka inn på han som menneske. Bjørn Eirik delte erfaringane sine med kreft i familien med andre med-menneske, og håpa med det å bidra til å auka forståelsen for kva kreft inneber for den (dei) næreste til ein kreftpasient.

Bjørn Eirik Gundersen



Med all respekt for dei øvrige gruppene som stod for musikken var det Songkvartetten og Barnekoret saman som fekk opp den rette *Syng med oss*-stemninga. Dette må me gjera oftare! Ein del av songane som Daniel m/venner spela til gjekk i høgaste laget for allsong, men dette gjorde ingenting. Dei som ikkje hadde stemme til songane lot berre inntrykka synka ned i seg. Det same skjedde då Bianca & Daghild hadde si avdeling.



Heile salen er med på "Jeg har ei gammal tante" ledsaga av songkvartetten og barnekor.

gjester drog opp allsongen blant omrent 150 frammøtte, noko kommunekomitéen er svært godt nøgd med. Innhaldet på *Syng med oss*-kvelden, spesielt antall songar og flyten i programmet var me spente på, og me fekk som svar at 43 songar var i meste laget. Men me song faktisk 40 av dei den kvelden. At pausen blei lang p.g.a. den enorme kjøpelysten til bygdafolket gjorde sjølvsagt ingenting. Det blei omsett for kr.17.820,- på salet av artiklar, netto kr.6.446,-. Når det i tillegg blei solgt lodd for kr. 8.000,- og mat for kr. 1900,- gjekk det heile **kr.16.346,- til TV-aksjonen.**

Bjørn Eirik Gundersens halv times innlegg om *Kreft i familien* blei ei gripande stund. Han snakka om jukdomsforløpet, nokre av reaksjonane til kona Solveig, korleis han opplevde at ho fekk kreft, hans reaksjonar og

Nokre tekniske problem unngjekk me ikkje denne gongen heller. Me er ikkje heilt ajour når det gjeld den nye mixepulten



Geir Jørgensen, bass og Willy Christiansen, gitar var blant gjestene til Daniel Thuestad, trekkspel og Sigmund Grønnestad, fele – bak Geir.

og permanent opphenging av det kommunale lyd- og lysanlegget, men reknar me at dette er i orden til julearrangementa tar til.

Dei som stod for musikken og mixing av lyden fekk kvar sitt TV-aksjons krus av kommunen.

Søndag, den store innsamlingsdagen, var det Bokn Sanitetsforening som gjekk rundt med bøssene. **Dei samla inn kr. 34.010,-.**



Sanitetsdamer slapper av etter at jobben er gjort: fv. Marit Øvrebø, Elly Borgenvik, Torunn Hognaland, Liv Trosnavåg, Ellen Nedrebo, Rita Nesvik, Norunn Jordbrekk og Eli Kro. Ellen Nedrebo gjekk i år med bøssa for tredje gong, og andre året på rad – ein stor prestasjon!

Bokn kommune, næringslivet og andre har til no gitt fylgjande gåver:

| | |
|------------------------------------|-------------|
| Bokn kommune | kr. 8.000,- |
| Bokn Bygg | " 1.000,- |
| Bokn Settefisk | " 500,- |
| Pop Spray System | " 2.500,- |
| Vågen Laks | " 1.000,- |
| Øvrebø Fiskeoppdrett | " 1.000,- |
| Bokn Handelslag | " 300,- |
| Bokn Sanitetsforening | " 5.000,- |
| "Jenteklubb", Krojen v/Marit Elin" | 2.176,50 |

og meir kan framleis komma inn!

I tillegg kjem óg staten sitt bidrag, kr. 3.150. Bokn kommune ser ut for å få ein hederleg plassering på lista over kommunane i Rogaland (nr. to!). **Det endelege beløp vil truleg vera klart til desembernummeret av Bygdabladet.**


- Marit Elin Våge, du kom inn på kulturkontoret med over 2.000 kroner til TV-

aksjonen! Kva er historia bak denne flotte gåva?

- Me er ein jenteklubb i Krojen som består av May Elisabeth Alvestad, Hilde Gunn Alvestad, Rita Nesvik og Ragnhild Ognøy samt meg sjølv. Kvar 14. dag har me sosialt samvér, og då puttar me også pengar på ei sparebøsse som går på vandring. I år ville me la pengane gå til denne gode saka.

Marit Elin legg til at klubben tidlegare har gitt til Krybbedødsforskninga, Foreninga for kreftsjuke barn og speidaren i Bokn.

Denne fine forma for nestekjærighet må då vera ein god idé for resten av jenteklubbane i kommunen!




Salet av artiklar brakte netto kr. 6.446 til aksjonen. Ingjerd og Jørgen Thuestad og Bjørn Erik Gundersen stod for salet.

Den lokale aksjonskomité takkar for innsats og gjevarglede, og minner om at det framleis er vaksne T-skjortar og nokre pins til salgs. T-skjortene vil bl.a. bli lagt ut for sal på torsdagstreffa på Boknatun. Takk også til dei som var med og tok eit tak under bygdakvelden!



NYTT FRÅ FORMANNSKAPET/KOMMUNESTYRET



Den 28. oktober vart siste kommunestyremøte avholdt.

- Det vart vedteke å opprette ei **fast byggjenemd i kommunen**. Nemda skal ha ansvaret for gjennomføring av byggeprosjekt i regi av Bokn kommune, og ha overordna styring og er ansvarleg overfor kommunestyre/formannskap for at vedtekne prosjekt blir gjennomført i samsvar med vedtekne planar og økonomiske rammer. Nemda er ansvarleg for å gi ei sluttmelding til kommunestyret. Sluttmeldinga skal kommentere eventuelle avvik frå planane, samt inneheld eit ferdig byggjerekneskap.

Sekretær vert utpeikt frå den seksjonen som skal ha hovedbruk av bygget, og skal ha ansvar for rekneskap.

Som medlemmer vart fylgjande valt:

Arne Hosaas
Rune Vatnaland
Helga Alvestad
Egil Ognøy
med varamedlem **Trond nedrebø**.

Nemda si funksjonstid er lik kommunestyreperioden.

- Det vart også vedteke å setta ned ei **plannemd med mandat til å laga eit planframlegg for arealbruken rundt skule og idrettsplass, plan for ombygging av skulen og plan for barnehageutbygging**. Det vert sett av kr. 100.000,- over budsjettet for 1998 som ei økonomisk ramme for gjennomføring av planarbeidet.

Medlemmer skal vera:

Rune Vatnaland
Arne Hosaas
Helga Alvestad


Liv Birkenes
Trond Nedrebø

- Det er nye renovasjonsforskrifter for Toraneset Renovasjonsselskap datert 04.06.97, og Bokn kommunestyre slutta seg til desse forskriftene. Toraneset Renovasjonsselskap vil gjera dei nye forskriftene kjent for abonnementane i media eller skriv.
- Kommunestyret vedtok mot ei røyst at Bokn kommune stiller seg positiv til vegsjefen sitt forslag til bompengefinansiering av det framtidige T-samband mellom Karmøy, Haugesund og Tysvær. - Bokn kommune er likevel open for å vurdere ei anna fordeling av bompengeinnkreving over Boknafjorden og T-sambandet.



Det var godt frammøte til valet i kyrkja etter gudstenesta 19. oktober. Medrekna førehandsrøystene var det 60 røyster. Det nye soknerådet/fellesrådet har ikkje hatt konstituerande møte ennå. Desse vart valde:

| Solveig Våga, Loten | Varamedlemmer: |
|----------------------------|---------------------------|
| Ingunn Are | 1 Liv Vatnaland |
| Reidar Øvrebø | 2 Sigmund Alvestad |
| Sigurd J. Svendsen | 3 Ingunn Våge |
| Merete Alvestad | 4 Birger Lindanger |
| Eva Moi Eikje | 5 Bernhard Våge |



MINNEORD

Hilda Vågshaug er død, nær 94 år gammal. Ho var då den eldste i Bokn. Hilda vart fødd og vokste opp på Are, foreldra var Bertha Johanne og Mathias Are. Dei var 8 sysken, 6 jenter og 2 gutter, Hilda var nr. 4 i syskenflokkene.


I 1924 vart ho gift med Laurits Vågshaug, han døydde i 1975. Dei fekk 4 barn.



Som kone på ein gard vart det ofte lange og travle arbeidsdagar. Likevel var ho aktiv i foreningsarbeid i Hognaland krets. Hilda var glad i handarbeid.

Ho likte og godt å fortelje slikt ho hugsa frå barndommen og hadde ein fin kontakt med barnebarn og oldebarn.

Hilda var sterk og hadde god helse til langt opp i åra. Dei 3 siste åra var ho på Bokn sjukestove. Ho var tolmodig og klaga lite.

Hilda etterlet seg ein stor familie, heilt ned til 5 generasjonar: 4 barn, 14 barnebarn, 32 oldebarn, 1 tippoldebarn, 1 bror og 2 søstre lever etter henne





PROSJEKT VEKSTHUS PÅ MELLOMSTEGET

- "mjølkegangen" blir skulen sitt inneveksthus -

Sidan tysdag 14. Oktober har 5. - 7.klasse hatt ei spanande prosjektoppgåve.

Me har lenge ynskt å gjera mjølkegangen om til ei oase i skulebygget, og i haust tok endeleg mellomsteget fatt på denne oppgåva.

Ola Steinar Apeland frå Hagesenteret i Bøkkrossen var med elevar og lærarar då dei starta opp prosjektarbeidet, og han hadde mange gode råd å gje. Elevane fekk teikne eigne forslag og hadde svært mange gode idear. Tysdagane har vore prosjektdag og det har vore stor aktivitet. Elevane har snikra kassar til blomane, måla tre og blomar på den kvite murveggen, samla inn plantar, planta lauk til julesviblar og tulipanar, gjort klart akvariet vårt til «gulfiskar» og mykje meir. Ein har og rydda i kassane våre ute for

vinteren og planta vårlauk. Frå heimane til elevane har me fått mange store og små planter og tysdag 18. november vil dei avslutte prosjektet på denne sida av jul. Etter jul når det går mot lysare tider vil ein starte opp med å tenkje vår, frø og uteplantar.

Me inviterer foreldre til å sjå innom veksthuset når dei er på skulen t.d. på juleavslutningskvelden.


Dersom andre i bygda og har plantar som har vokst seg ut av huset, tek me gjerne i mot fleire plantar, - her er det høgt under taket.

Med helsing Ingjerd Thuestad

TANKAR OM SKULEN FRÅ WOLFGANG OGNØY

Det e kjekt å leka på lekerommet med lego og bilar også ute. Leka med bilane.

WOLFGANG
WOL



WOLFHAN



SOSIALKONTORET INFORMERER



Bokn Bygdablad har som mål at innbyggjarane skal få informasjon om dei kommunale tenestene gjennom innlegg frå dei enkelte avdelingane i kommunen.

Sosialkontoret vil nå starta opp med informasjon om dei ulike tenestene og tiltaka som seksjonen rår over. Første del blir nokså generell.

I langtidsbudsjettet og handlingsplanen for perioden 1998 - 2001 har sosialkontoret ei målsetting om å legga vekt på den del av tenestene som går på å gi råd og rettleiing. Eit tiltak i så måte er å informera om sosialkontoret sine tenestetilbod i Bokn Bygdablad.

Meir enn sosiale tenester

Dei kommunale sosialkontora har ei rekke tenester og tiltak for befolkninga i kommunane. Tenestene og tiltaka er vanlegvis heimla i Lov om sosiale tenester eller i Lov om barneverntenester. Sosialkontoret i Bokn utfører også ei rekke andre tenester som i utgangspunktet ikkje høyrer inn under sosiallov eller barnevernlov. Grunnen til dette er at i ein liten kommune må dei tilsette dekka fleire oppgåver enn det som er hovudoppgåvene for å hjula til å sviva. Eksempel på oppgåver som leiar for sosialontoret i Bokn har som tillegg er t.d. sekretær for eldrerådet og sekretærfunksjon for det sektoromgripande driftsstyret. I dette ligg det også frå tid til anna saksbehandlaransvar for sektoromgripande saker. Sosialkontoret har også administrasjon av Husbanken sine ordningar med etableringslån, etableringstilskot, tilskot til utbetring av bustader og bustøtteordningane.

Generelle oppgåver - førebygging.

Sosialadministrasjonen i kommunen skal utføra det daglege arbeidet på dette feltet. Inn under dette kjem råd og rettleiing. Det gjeld både for dei sosiale tenestene og barneverntenesta.

Sosialtenesta skal gjera seg kjend med levekåra i kommunen, og særleg sjå etter om det er trekk ved utviklinga som kan skapa eller oppretthalda sosiale problem. Dersom det er tilfelle, skal ein søkja å finna tiltak som kan førebygga.

Sosialtenesta skal såleis søkja å legga tilhøva til rette for å utvikla og styrka sosialt fellesskap og solidaritet i nærmiljøet.

Gjennom informasjon og oppsökjande tiltak skal sosialtenesta arbeida for å førebygga og motvirka misbruk av alkohol og andre rusmidlar, og spre kunnskaper om skadeverknader ved slikt bruk. Sosialtenesta skal arbeida for at det blir sett i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn, eldre og funksjonshemma og andre som har behov for det.

Samarbeid

Sosialtenesta skal medverka til at sosiale omsyn blir ivaretatt av andre offentlege organ som har betydning for sosialtenesta sitt arbeid.

Dersom det blir påvist mangler ved dei tenestene som andre deler av forvaltinga skal yta til personar med tsærlege hjelpebehov, skal sosialtenesta om nødvendig ta saka opp med rette vedkomande. Dersom det er uklårt eller det ikkje er semje om kor ansvaret ligg, skal sosialtenesta søkja å klårgjera forholdet.



Sosialtenesta bør samarbeida med brukargruppene sine organisasjonar og med frivillige organisasjonar som arbeider med dei same oppgåvene som sosialtenesta.

Bustader til vanskelegstilde

Sosialtenesta skal medverka til å skaffa bustad til vanskelegstilde personar som ikkje kan ivareta interessene sine på bustadmarknaden. I dette ligg bustader med særleg tilpassing og med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker.

(Ra)

BOKN FOLKEBIBLIOTEK



ASTRID LINDGREN 90 ÅR

Astrid Lindgren fylte 90 år 14.november. Ho er kjent for sine barnebøker over heile verda, mellom anna er bøkene om Pippi Langstrømpe oversatt til over 40 språk.

På biblioteket finn du bøkene til denne populære forfattaren. For å vera med å feira 90 årsdagen vil biblioteket dela ut ballongar med Astrid Lindgren motiv.



No nærmar jula seg , biblioteket har eit stort utval i bøker om jul og advent:

Lindgren, Astrid:

Jul i stallen

Pippi Langstrømpe feire jul

Jul i Bakkebygrenda

Rønningen, Bjørn:

Jul i Skomakergata


Skeie, Eivind:

Glade jul






Petra Fritidsklubbe informerer



Tekst: Ann Kristin Grønnestad & Ingunn Ragnvaldjord
Foto: Ann Kristin Grønnestad


I haust er det akkurat 20 år sidan PETRA såg dagens lys første gong! Dei fleste boknarane under 40 år har vel vore innom, om dei ikkje har trødd ned dørene der oppe. Så har me jo dei faste som omrent aldri har latt ein klubbkveld gå i frå seg.



Klubbleiar Daghild Grønnestad og Grete Øvrebo

Det kan nok vera at den klubben me har i dag har gått gjennom ein del forandringar, både i høve til lokalet sitt utsjåande og klubben sitt føremål.

Bernt
Helge
Ola-
ussen
og
Glenn
Tarald-
lien
foran
kiosk-
luka
inn til
vakt-
rom-
met.



Jeanette A. Dalberg og Cathrine Ørjansen i biljard- og bordtennisrommet i 3. etasje.



Jorunn Synnøve Simonsen og Susanne Grønnestad

Som det er nå, er klubben eit tilbod til ungdomar over 13 år. Noko øvre aldersgrense har vi ikkje på grunn av manglande tilbod til eldre ungdomar.

Det har lenge vore ein tradisjon at 12-åringane får lov til å begynna i klubben etter nyttår, slik blir det også denne gongen. Klubbkveldan e er annankvar onsdag og kvar fredag. Noko som vi har begynt med nå, er at 12-åringane får gå på fredagane og. Grunnen

til at dette blei forandra var at mange gjekk på fotballtrening og derfor ikkje fekk gå på PETRA. Nå kan alle gå både onsdag og fredag, men 12-åringane må gå kl. 22.00 på fredagane. Dette har dei passa godt på sjølv.



Svenn Erik Grønnestad, Kirstin Hosaas, Ellen Ognøy og Monica Lindanger

Nå nærmar det seg jo nyttår med stormskritt, og 7. klassingane gleder seg veldig til å begynne. Vi vil gjerne få ynskje dei spesielt velkommen og gleder oss!



Rundt Fantasi-spelet, fv. Glenn Taraldlien, Daghild Grønnestad, Susanne Grønnestad og Svenn Erik Grønnestad med Nina Alvestad i bakgrunnen.



Sjakk er også eit populært brettspel. Her har Svenn Erik Grønnestad fått med seg Hanna Aksdal.

kan møte.

Det kostar kr. 15.00 å betale seg inn på onsdagane, og kr. 20,- på fredagane. Det er faktisk billegare å investere i eit medlemskort. Dette kostar 50 kroner, men då slepp du å betale deg inn den kvelden du kjøper det. Kvar klubbkveld etterpå betaler du 5 kroner mindre i inngangspengar. Det vil sei at etter seks gonger på PETRA har du tjent inn dei 50 kronene, og resten går i forteneste. Det løner seg altså å kjøpe medlemskort tidleg derom du har tenkt å gå nokon gonger.

PETRA har lenge hatt planar om å halde eit dansekurs og eit sminkekurs. Me skal setje alt inn på å til dette før jul, og 7. klasse er med på begge kursa.

På klubbkveldane har vi tilbod om desse aktivitetane: Bordtennis, biljard, dart, forskjellige spel (Fantasi, sjakk, backgammon, kort) danse, høyre på musikk og snakke med andre jamnaldrande i fritida.

Når det gjeld «dugnadspliktene» til dei som nyttar seg av dette tilbodet til ungdommen må dei rekne med å hamne på vaskelista vår. Det betyr at dersom du har gått nokre gonger på


PETRA, så må du hjelpe styret å vaske lokala etter stengetid, dette må du vere med på høgst to gonger i halvåret. Du blir sett opp saman med tre, kanskje fire andre ungdommar på din eigen alder. Dette skulle gå greit, det er ingen som blir sjuke av litt vasking, heller tvert imot.

Foreldra derimot, har ei FORFERDELEG oppgåve. Den gjer dei også det dei kan for å sleppe unna. Dei

må nemleg sitje vakt. Dette er vist noko av det verste dei vaksne gjer, i allefall er det ofte dei ikkje møter opp. Ikkje gir dei



beskjed om at dei ikkje kan koma, og ikkje beklagar dei seg dersom dei har gløymt seg ut og ein må stenge fritidsklubben. Klubben har nemleg ikkje lov å halde ope dersom det ikkje er to vaksne vakter i tillegg til lærlingane. Alt de treng å gjøre er å gi beskjed til kulturkontoret eller leiar Dagħild Grønnestad dersom de ikkje

Alle foreldre som har barn som går på PETRA får tilsendt vaktliste. Me vil be om at de merkar av på ein kalender eller liknande, då er det lettare å hugse.



Bortennis er ein populær aktivitet, fv. Jostein Aksdal og Bjarne Thuestad.

Det er også biljard, noko Sveinung Sæbø, tv. på bildet er enig i. Ingleif Kro og Hanna Aksdal på bildene under er svært konsentrerte om spelet.




Vidare vil me informere om at det er de som sit vakt som har ansvaret, ikkje lærlingen eller styremedlemmet! Noko

av det viktigaste er at de som sit vakt skal vere til stades heilt til vaskinga av lokalet er ferdig og vi er klare til å stenge og låse lokalet.



Me vil også ta med at mange av foreldra er svært flinke til å ta ansvar. Dei møter opp til rett tid, går rundar og fylgjer med på det som skjer. Dei gir beskjed dersom dei kjem seinare, eller ikkje kan koma. Dei prøver å få byte med andre foreldre og som regel ordnar dette seg. Me vil sende ein stor takk til desse som hjelper oss med å sende dei riktige signala til ungdommen.

Til slutt må det nemnast at telefonen nå endeleg er på plass, etter ca. eit års ventetid. Tlf. heng på vaktrommet, og skal av vaktene brukast i situasjonar som krev tlf. Klubbmedlemmer kan også få ringja heim etter skyss o.l. for kr. 5,- Telefonen er kopla til sentralbordet i kommunen via barnehage-linja. Dette vil seia at han er direkte kopla til sjukestova når det er klubbkveldar.

For å ringja til PETRA må ein ringja kommunen og spørja etter linje 161.



På dansegolvet er det mest jenter, me håpar dansekurset 6. og 7. desember vil retta på dette. Under er fv. Cecilie Larsen, Ellen Ognøy, Susanne Grønnestad og Elise Marie Tollaksen i full sving.



SERIE

STUBBAR OG ORIGINALE SVAR

- av Elisæus Vatnaland, lagt til rette av Birger Lindanger -

DÅ TJØRESOMEN STOL HESTEKADAVER PÅ TORLAND

Midt på 1800-talet drog det kring ein kar i Ryfylke og på Haugalandet dei kalla Tjøresomen. Han levde mellom anna av å selja tjøre og heldt seg mykje på Bokn. Mellom anna blei det fortalt at han tidvis budde under ein kvelva båt. Han var også kjend som ein uredd og svært ordhitten mann og kunne seia ting som sidan levde på folkemunne i generasjonar.

Tjøresomen var elles ikkje vand på maten og åt mangslag folk flest ikkje såg syn på, mellom anna hestekjøt. Når ein hest eller


merr var utlevd slo dei han ihel og gjekk til naud så langt som til å bruaka huda. Men sjølve skrotten grov dei ned.

Sjur Torland var kjend som ein stor kranglefant og gniar som ikkje unte ein annan stakkar det aller minste – jamvel ikkje slikt han hadde kasta frå seg. Ein dag slo han i hel den gamle merra si og grov henne ned.

Tjøresomen var nett då i Bokn stasjonert ved Sæbø-sjøen. Kristoffer Sæbø – ein stor luring – stakk Tjøresomen i øyra kva Sjur Torland hadde gjort. Tjøresomen la då med ein gong i veg til Torland og grov opp att merra. Sidan Sjur nett då var bortreist, fekk han halda på med dette i fred.

Tjøresomen leita seg ut det beste av merraskrotten og fylte i sekken sin så mykje han makta å bera. Han var litt av ei kjempe så det var ikkje så reint lite. Denne kjøtsekken sette han sidan frå seg inni løa til Kristoffer Sæbø.

Neste morgen sat Tjøresomen i stova til Kristoffer og fortalte om kjøtforsyninga han hadde sikra seg. Då hårta Kristoffer gjennom stoveglaset at Sjur Torland kom i stor fart nedover vegen mot Sæbø. Kristoffer gjekk ut og spurte litt lurt etter korleis dei levde på Torland.



Merra på Torland – teikning: Birger Lindanger


"Nei, no var her ikkje å vera lenger, ikkje ein gong ein nedgraven merraskrott kunne ein få ha i fred", klaga Sjur seg. "Meiner du ikkje at Tjøresomen var der i går, då eg ikkje var heime og for med det meste av merra. Kunne eg bare få tak i han så sko' han få sansa kva han hadde gjort" truga Sjur.

"Tjøresomen har ein sekk borti løa mi, gad vita kva som er i han" undrast Kristoffer. Sjur for med ein gong til løa, og Kristoffer fekk eit bod inn til Tjøresomen at nå var Sjur i sekken hans.

Så fylgte eit oppgjer som fleire enn Kristoffer var vitne til og som dei hadde moro av lenge.

Sjur fann ei avbrukken drog som han brukta til "handyvle" – attåt kjeften – sjølvsgatt. Tjøresomen parerte slaga med staven sin. Og staven til Tjøresomen fekk etter kvar overtaket

og tvinga Sjur til å trekkja seg tilbake. Staven hadde lett for å finna fram til dei mest sårbare punkta på Sjur – og Tjøresomen fekk behalda kjøtet.



Staven til Tjøresomen fann dei mest utsette stadene på Sjur.

Teikning: Birger Lindanger

STAVANGER TALL SHIPS DE STOLTE SKUTENE

heiter ei utstilling som du kan sjå på Stavanger Sjøfartsmuseum fram til desember.

Udstillinga blei produsert i samband med Cutty Sark Tall Ships' Race, og består av rundt 20 skipsportrett. Ho viser eit utval av dei mange seilskutene frå Stavanger som i si tid seilte på alle verdas hav. Utvalet er henta frå museets eigen samling av skutemalerier, og det er nokre av dei største skutene og dei beste maleria som blir presenterte.

Målet med utstillinga er å presentera ein viktig del av den maritime tradisjonen vår samt å auka kunnskapen om dei gamle skutemaleria, i ei tid då desse maleria stadig er meir ettertrakta som samlerobjekter og pryder veggane i både private heimar og på offentlege stader.

Det er også produsert eit hefte til utstillinga, som innehold ein presentasjon av sjølve maleria samt informasjon om skipsportretta som genre innafor billedkunsten, om skutemalarane og om bruk av skipsportrettet som historisk kilde til vår maritime historie. Derfor har heftet interesse utover det å vera katalog til denne utstillinga.

Interesserte kan få låna dette heftet på biblioteket.

SERIE GLIMT FRÅ BOKN!

I serien GLIMT FRÅ BOKN! presenterer Bokn bygdablad ulike avisutklipp frå Boknhistoria. Denne gongen kan du lesa om myntfunnet i Straumen.

Stort myntfund i Bokn.

300 engelske og tyske mynter fra begyndelsen av det 11te aarhundre.


Direktør Petersen ved Stavanger museum er nu kommet hjem og har undersøkt en større samling gamle mynter, som forleden blev fundet under rydningsarbeidet paa gaarden Søndeland i Bokn.

Det er i alt ca. 300 mynter, fortæller direktøren paa "Stavangerens"s henvendelse. Samtlige skriver sig fra begyndelsen av det

11te aarhundre, altsaa fra sidste del av Vikingetiden. Halvparten av samlingen er engelske mynter fra kong Ethelreds tid, omkring aar 1000, og den anden halvdel er tyske mynter fra keiser Otto den tredjes tid samt en arabisk mynt.

Kong Ethelred var en meget svak konge i hvis tid norske og danske vikinger herjet England, da det maa antas, at det er løsepenger han har betalt for aa bli kvit vikingene, og saa er pengene senere blit røvet og gravet ned. Det er det 7de store myntfund som er gjort her i Rogaland, og dette sidste fund er av betydelig interesse. Det vil bli sikret Stavanger museum og direktøren reiser en av de første dage til Bokn for aa undersøke findstedet.

Haugesund Dagblad 06.11.23



Takk for gåver og helsingar på 70 års-dagen min.

Karen Hetland

Hjertelig takk for all deltagelse og blomsterhilsener ved Hilda Vågshaugs bortgang. Takk til betjeningen ved Bokn sjukkestove for omsorgsfull pleie.

Familien

HYTTE/HUS

ønskes leid i Bokn til feriebruk.

Interesserte tar kontakt med Lise Berglund,
4770 HØVÅG - tlf. 37 27 46 20

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m³ fritt utkjørt innmark.
Kr. 140,- pr. m³ fritt utkjørt utmark.
Kontakt Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy
51 72 32 87 94 67 08 73

JUBILEUMSMØTE

utsatt til utpå nyåret p.g.a. ferdigstilling av jubileumsskriv.

Bokn Handelslag

BRUKT KOMFYR

ønskes kjøpt – tlf. 52 74 85 33 etter kl. 17.00

KOMMUNEBLOM

Folkeavstemminga på dei fem forslaga til kommuneblom er utsett til over jul.

BOKN BYGDABLAD

• UTGJEVAR

Bokn kommune

4290 BOKN

Tlf 52 74 85 00

Fax 52 74 86 90

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

• BYGDABLADNEMND

Arvid K. Jøsang

Eli Kro

Reidun Grønnestad

• REDAKTØR

Jardar Havikbotn

• ABONNEMENT

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds kr. 100,- pr. år

• ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 300,-

Halvside kr. 150,-

Kvartside kr. 75,-

1/8 side kr. 50,-

Små privata. kr. 10,-

Fastannonse etter avtale

• FORSIDE

Marit Øvrebø, Torunn Hognaland, Kari Øvrebø, Reidun Grønnestad og Inger Jøsang frå Bokn Sanitetsforening samla inn til TV-aksjonen 9.11



**KRAFTTAK
mot KREFT**
TV-AKSJONEN
9. november 1997

Bestilte
stjerne-
og
giraffpins
kan du no
henta på
kultur-
kontoret.

**ANNONSÉR I BOKN
BYGDABLAD!**

ADRESSEETIKETT

B-Blad

RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
4290 BOKN

KULTURKALENDEREN

DESEMBER

- 02.: *Juleavslutning* for speidalarar, ulvungar og meisar
- 05.: **Biblioteksjef Linda Ognøy 40 år!**
- 08.: *Julegrøt i stallen*, arr. BORK
- 10.: *Juleverkstad i Allrommet*, arr. Bokn hagelag
- 12.: Adventsfest for eldre, Bokn skule kl. 17.30. Arr. Bokn sanitetsforening
- 14.: *Luciafest*, arr. Bokn musikkorps
- 18.: *Juleavslutning*, Bokn skule - arr. Bokn skule/Bokn musikkskule
- 19.: *Skulegudsteneste* kl. 10.00
- 21.: *Juletrefest*, sundagsskulen på bedehuset
- 27.: *Juletrefest*, Bokn bedehus
- 30.: Juletrefest, Frelsesarméen på bedehuse

FOTTERAPI


Kvar **fredag**. For påmelding
tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

HELSESTASJONSDAG

Torsdag 9-11.30. Elles etter avtale.
Eva Brunborg Svendsen
helsesøster

BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00
Tysdag og torsdag kl. 9.00 - 15.30



DESEMBER

- 14.: Gudsteneste kl. 11.00 – Helge Gaard
- 24.: Gudsteneste kl. 14.00 – Arne Aurdal
- 26.: Gudsteneste kl. 11.00 – Arne Aurdal



TIMEAVTALE VED KOMMUNALE KONTOR

For å yta deg best mogleg service må me be deg om å avtala tid på førehand for samtalar på dei ulike kommunale kontora. Vennligst henvend deg i ekspedisjonen.

Rådmannen

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

Ordføraren er å treffa på Boknatun torsdag mellom kl. 12.00 - 15.00